



Utval: **Kommunestyret**
Møtestad: Roan Næringshagen
Dato: 02.03.2017
Tid: 19:00
18:00 gruppemøte

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Overføring på webTV frå kl 19:00

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 2/17	Referatsaker
PS 3/17	Julistengt barnehage
PS 4/17	Oppretting av styre for omstillingsprogrammet
PS 5/17	Klage på avgjerd om endringar i lokal struktur - Sør Øst politidistrikt
PS 6/17	Søknad frå Fyresdal Næringshage om utviklingsstøtte og tilskot til omstillingskommuneprosjekt

Fyresdal 21. februar 2017

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 2/17 Referatsaker

RS 6/17 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 7/17 Orienteringar

RS 8/17 Årsrapport 2016 for skatteoppkrevjaren i Fyresdal

RS 9/17 Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Fyresdal kommune



Saksframlegg

Julistengt barnehage

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	8/17	02.03.2017
Kommunestyret	3/17	02.03.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Bakgrunn for saka:

Vedtak i kommunestyret 16.06.16

Kommunestyret ynskjer at det blir føreteke ei registrering av faktisk bruk av barnehagetilbod i juli månad 2016, som skal danne grunnlag for vedtak om barnehagen i framtida skal ha stengt i juli månad.

Vurdering/konklusjon:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 i sektor for kultur og oppvekst. Me skal ha eit godt og konstruktivt samarbeid med føresette til beste for barnet.

Det er vanskeleg å få eit nøyaktig tal på sparing ved julistengt i barnehagen, men ca kr 50000,- er det økonomisjefen seier kan vere ei sparing. Historikken i fleire år er at vi har vore overbemanna mange gonger i løpet av ferieperiodar. For drifta er ikkje dette bra, for dei barna som har fått ein ekstra fridag i løpet av sommaren er det veldig bra. Vedtektene til Fyresdal barnehage seier at barn må ha 3 veker samanhengande ferie i perioden 15.06 – 15.08. Når det gjeld registreringa sumar 2016 er det sjølvstøtt eit avvik mellom barn som skulle ha møtt og det faktiske oppmøte pr dag. Men i alt er det ikkje det store avviket. Det dreiar seg frå 1-8 barn som ikkje møtte, med eit par dagar større avvik. I registreringa ligg også barns sjukdom. Noko ein alltid må pårekne. Barnehagen har fleire born på 4-5 dagars tilbod. Dette er veldig bra, men gjer at fråværet er meir merkbar. Barnehagen har også fleire 1-2 åringar. Små barn blir teke mindre ut i fri, spesielt dersom dei ikkje har store sysken. Hovudferien til dei tilsette er stor sett frå og med veke 28 og til og med veke 31.

Under viser oversikt over registrering:

Dag	Veke 27					Veke 28					Veke 29					Veke 30				
	M	TY	O	TO	F	M	TY	O	TO	F	M	TY	O	TO	F	M	TY	O	TO	F
Antall barn som skulle møtt	29	28	23	29	29	25	24	23	25	26	13	9	12	12	14	14	14	11	10	14
Antall barn som møtte	25	21	16	14	10	21	18	18	24	18	10	8	9	11	10	9	9	8	9	11
Avvik	4	7	7	15	19	4	6	5	1	8	3	1	3	1	4	5	5	3	1	3

Å stenge barnehagen juli månad kan vere eit dårlegare tilbod til både barn og foreldre i kommunen. Det vil nok også få store utfordringar for nokon av familiane, som ikkje har nær familie til t.d. barnepass. Stenger ein barnehagen heile juli vil dette likevel bare vere ei veke ekstra fri hovudferie, men styrt fri til juli månad. Dette vil også kanskje få utfordringar hos andre arbeidsgjevarar i Fyresdal kommune.

Samtidig ser barnehagen at det går mykje tid til arbeidet med sommarturnus, der all ferie til både brukarar og tilsette skal gå i hop. Grunna større barnehagerupper må barnehagen leige inn vikarar på sumaren. Likevel kan vi vere overbemanna då barn som skulle møtt opp ikkje møter. Desse tala balanserar sjølvstakt ikkje.

Det er også viktig for drifta at tilsette tek ut mest ferie i den perioden det er minst barn, nemleg sumaren.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune går ikkje inn for juli-stengt barnehage.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Liv Johre Bakke
	barnehagestyrar



Saksframlegg

Oppretting av styre for omstillingsprogrammet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	4/17	02.03.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret.

Dokument i saka:

- Formannskapssak 6/17

Bakgrunn for saka:

Telemark fylkeskommune har nå løyvd kr 1.6 mill. kr til Fyresdal kommune som omstillingskommune og ein bør kome i gang med arbeidet så fort som råd. Kommunestyret skal i møte i dag ta stilling til å delta i prosjektet med kr 400.000,-. Kommunestyret bad i sist møte om at Fyresdal næringsorganisasjon (FNO) kunne kome med forslag til kandidatar til styret.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020 der det heiter; Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Styret vil bli samansett som vanleg er av styreleiar og styremedlemar. I tillegg vil det vere fleire observatørar som vil møte i styremøta.

FNO har kome med slikt forslag til styremedlemar:

- Aslak Momrak
- Linda Aas
- John Krisitan Lukassen

Styret kan samansetjast slik.

- Dersom politisk leiing ynskjer å vere med i styret og ordføraren er ein av dei kan han velgjast som styreleiar.
- Dersom det blir tre representantar frå næringslivet i kommunen ville det ikkje vere unaturleg at styret elles får tre politiske representantar til saman.
- Dvs. eit styre fordelt på seks personar med tre frå næringslivet i bygda og tre politikarar,

I tillegg vil:

- Innovasjon Norge, sentralt, vil ha med ein observatør.
- Innovasjon Norge, fylkesnivået, vil ha med ein observatør.
- Fylkeskommune vil møte med ein observatør.
- Det er og mykje vanleg at rådmannen møter som observatør.

Styret må sjølv ta stilling til prosjektorganisering/leiing, men inntil dette er avklart kan nærings sjefen stillast til disposisjon som sekretær for styret.

Konklusjon:

Det er kommunestyret som set saman styret og vel sine observatørar, evt. stiller ressursar til disposisjon for sekretær.

Innstilling frå rådmannen:

- Kommunestyret ynskjer at omstillingsstyret skal vere samansett av seks personar, derav tre politikarar og tre frå næringslivet i kommunen. Ordføraren blir leiar av styret.

Desse er:

Erik Skjervagen, leiar

.....

.....

.....

.....

.....

- Rådmannen deltek som observatør i omstillingsstyret.
- Næringssjefen er sekretær for omstillingsstyret inntil prosjektstyring/leiing er avklart.

Ketil O. Kiland	
rådmann	



Saksframlegg

Klage på avgjerd om endringar i lokal struktur - Sør Øst politidistrikt

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	5/17	02.03.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret.

Dokument i saka:

- Forskrift av 1. juli 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestruktur i politi- og lensmannsetaten.
- Samanslåing av driftseiningar i politiet – høyring, k.sak 56/12.
- Nærpolitireforma, k.sak 86/16.

Vedlegg i saka:

- 1 Endringar i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikter og tjenstesteder i Sør-øst politidistrikt, brev av 13.01.2017.
- 2 Tenestetilbod til kommunane

Bakgrunn for saka:

Endringane i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og tenestestader i Sør-øst politidistrikt slår saman lensmannsdistrikta Kviteseid, Seljord, Vinje, Tokke, Fyresdal, og Midt-Telemark lensmannsdistrikt, til Midt- og Vest-Telemark lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgjande tenestestader: Midt-Telemark lensmannskontor, Seljord lensmannskontor, Kviteseid lensmannskontor og Vinje lensmannskontor.

Administrasjonsstad er lagt til Sauherad. Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessig og sivilrettslege gjeremål for kommunane Bø, Nome, Sauherad, Kviteseid, Seljord, Vinje, Tokke og Fyresdal.

Samanslåing av Kragerø politistasjonsdistrikt og Drangedal og Nissedal lensmannsdistrikt, til Vestmar politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgjande tenestestader: Kragerø politistasjon, Nissedal lensmannskontor og Drangedal lensmannskontor.

Administrasjonsstad er lagt til Kragerø. Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslege gjeremål for kommunane Kragerø, Nissedal og Drangedal.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020 der det heiter; Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.

Knapt nok noko sak har vore grundigare gått igjennom både frå politisk- og administrativ leining i kommunen. Fyresdal kommune har heile tida prosessen har gått tala med ei røyst der svaret har vore eit klart **NEI** til nedlegging av lensmannskontoret i kommunen.

Fyresdal kommune uttalte i kommunestyret (sak 56/12) følgjande:

"Dersom politiet nå likevel vil gå for ei permanent samanslåing av ei driftseining for Vest og Midt-Telemark føreset Fyresdal kommune at endringa ikkje fører til reduserte

publikumstenestar eller opningstid ute ved kvart lokale lensmannskontor. Fyresdal kommune føreset vidare at dei ikkje skal få konsekvensar for responstid eller svekka beredskap ute i kommunane".

Fyresdal kommune har gjennom å vere tydeleg i tidlegare høyring om samanslåing av driftseiningar og nå høyring om nærpolitireforma gitt uttrykk for største uro relatert til for lang responstid, svekka beredskap og mangel på forebyggjande arbeid. Denne uroen er ikkje bare noko som er uttalt, men som innbyggjarane Fyresdal kommune har fått erfart med ustabil bemanning ved lensmannskontoret i bygda og mangel på lensmann med oppmøtestad ved kontoret i kommunen.

Prosessen har denne gongen vore god. Fyresdal kommune meiner å ha fått møtt og fått uttalt seg i høyringar, i dialogen med politimeisteren i Sør-Øst politidistrikt og til slutt i møte med Politidirektoratet to dagar før politidirektøren la fram si avgjerd om endringar i lokal struktur - Sør Øst politidistrikt 13. januar i år.

Det har difor lite for seg å på nytt ta opp att all argumentasjon for at kommunen må behalde sitt lensmannskontor, men all tidlegare argumentasjon står like fullt ved lag. At premissane har endra seg vesentleg under vegs er alvorleg nok og det vi nå tar tak i. Frå å gå frå eit forslag med to lensmannskontor i Vest-Telemark, der det og vart uttalt at Fyresdal var i ei særstilling i forhold til lange avstandar til nå å ha fire lensmannskontor der Fyresdal kommune fortsatt er utan kontor kan neppe vere ut frå reint faglege vurderingar. Responstida som for Fyresdal sin del med tilknytning til eit lensmannskontor i Åmot i Vinje kommune har ikkje endra seg. Det er eit faktum at denne vil vere langt ut over responstida på 45. min. som nasjonalt er fastsett og vil variere mykje ut frå kor hendinga er i kommunen og kor evnt. ein tenestebil er.

Det er underleg at det nå er ein samanhengande akse av lensmannskontor frå Åmli i sør til Seljord og Vinje i nord. Det er svært kort køyreavstand mellom Kviteseid og Seljord og heller ikkje langt mellom Bø og Seljord. At det og er tre kontor for området Nissedal, Drangedal og Åmli er også bra for dei som bur her, men kva er den faglege vurderinga som er gjort i høve til premissene som er sett om 45. min responstid?

Vi har forståing for at den einskilde kommunen har kjempa for å behalde sitt eige kontor, men stiller oss ikkje mindre undrande til dei faglege vurderingane som er gjort avslutningsvis i prosessen.

Fyresdal kommune ligg aller vanskelegast til geografisk i heile Vest-Telemark når det vegsamband og vegstandard. Responstida er difor lenger enn for alle andre kommunar i Telemark og kommunen er nå foreslått utan lensmannskontor. Fyresdal kommune vil difor med grunnlag i all tidlegare argumentasjon som er lagt fram i saka, men primært på grunnlag av den lange responstida klage på avgjerda som Politidirektoratet har gjort.

Fyresdal kommune veit kor viktig politiet sitt førebyggjande arbeidet i ein kommune er. Med ei tilknytning til lensmannskontor i Vinje, som foreslått, vil det førebyggjande arbeidet bli mykje svekka. Med ei slik knytning vil ein ikkje kunne rekne med at polititenestemenn vil busetje seg i Fyresdal. Av denne grunn mistar politiet lokalkunnskap både om folk som bur her og om dei store heiområda som ligg i kommunen.

Fyresdal kommune krev difor primært å behalde lensmannskontoret.

Dersom departementet likevel dokumenterer at Fyresdal kommune tek feil vil vi be om at Fyresdal kommune blir ein del av Nissedal lensmannskontor og ikkje ein del av Vinje-kontoret. Dette har primært med at Fyresdal og Nissedal er nabokommunar, kortare køyreavstand mellom kommunesentra enn mellom Åmot og Fyresdal sentrum. Fyresdal kommune har vidare legevakt i Arendal og trafikkgrunnlaget både for tungtransport, for fastbuande og hyttefolk er større i denne retningen enn til Åmot.

Avstanden til Kviteseid er og kortare og vegane betre enn til Åmot og er også ei meir bruka trafikkåre. Dette ville og vere ei betre løysing enn å vere knytt til eit lensmannskontor i Åmot.

Konklusjon:

Fyresdal kommune klagar på vedtaket om å miste lensmannskontoret.

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune klagar til Justis- og beredskapsdepartementet på avgjerda Politidirektoratet har gjort med å legge ned lensmannskontoret i kommunen. Grunngevinga er argumentasjon som tidlegar har kome fram i saka, men primært grunngeve i at avgjerda er slutta i strid med nasjonalt krav som er sett til responstid, mangel på lokalkunnskap hos politiet for å kunne drive eit godt forebyggande arbeid og ha beredskap etter veg og i heiområde.
- Fyresdal kommune ber om ei konkret og fagleg grunngeving for at kommunen som innleiingsvis i prosessen var tiltenkt eit kontor nå som ein av fire kommunar i Telemark har blitt valt bort og at det i Vest-Telemark har kome til to nye kontor.
- Fyresdal kommune **krev** at lensmannskontoret i kommunen blir oppretthalde.
- Dersom departementet skulle finne faglege og vel fundamenterte grunnar for ikkje å oppretthalde lensmannskontoret i kommunen ber vi om å få eit kontor som primært er knytt til lensmannen i Nissedal, sekundært til lensmannen i Kviteseid.

Ketil O. Kiland	
rådmann	



Sør-Øst politidistrikt Berørte kommuner (iht liste)

Deres referanse:

Vår referanse:
2016/04888

Sted, Dato
Oslo, 13.01.2017

ENDRINGER I INDELING I LENSMANNS- OG POLITISTASJONSDISTRIKTER OG TJENESTESTEDER I SØR-ØST POLITIDISTRIKT

Det vises til brev fra politimesteren i Sør-Øst politidistrikt av 15.12.2016 med tilrådning om endringer i politidistriktets lokale struktur, basert på forutgående lokale prosesser med involvering av kommuner og tjenestemannsorganisasjonene lokalt.

Politidirektoratet har besluttet følgende endringer i inndelingen i lensmanns- og politistasjonsdistrikter, og endringer i tjenestesteder i Sør-Øst politidistrikt.

- Sammenslåing av politistasjonsdistriktene Holmestrand og Horten, Sande lensmannsdistrikt, og del av Indre Vestfold lensmannsdistrikt (del som omfatter Hof kommune), til Nordre Vestfold politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestesteder: Horten politistasjon og Holmestrand politistasjon.
- Administrasjonssted er lagt til Horten. Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Horten, Holmestrand, Sande, og Hof.
- Sammenslåing av Tønsberg politistasjonsdistrikt, og del av Indre Vestfold lensmannsdistrikt (del som omfatter Re kommune), til Tønsberg politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestested og administrasjonssted: Tønsberg politistasjon.
- Ansvarsområdet for Namsfogden i Tønsberg justeres tilsvarende til ansvarsområdet til Tønsberg politistasjonsdistrikt.
- Politistasjonsdistriktet dekker politimessige gjøremål for kommunene Tønsberg, Re, Nøtterøy, og Tjøme. De sivilrettslige gjøremålene for disse kommunene vil ivaretas av Namsfogden i Tønsberg.
- Sammenslåing av Larvik politistasjonsdistrikt og del av Indre Vestfold lensmannsdistrikt (del som omfatter Lardal kommune), til Larvik politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestested og administrasjonssted: Larvik politistasjon.
- Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Larvik og Lardal.

Politidirektoratet

Post: Postboks 8051 Dep., 0031 Oslo
Besøk: Fridtjof Nansens vei 14/16

Tlf: 23 36 41 00
Faks: 23 36 42 96
E-post: politidirektoratet@politiet.no

Org. nr.: 982 531 950
Giro: 7694.05.02388
www.polti.no

- Sammenslåing av Sandefjord politistasjonsdistrikt og del av Tønsberg politistasjonsdistrikt (del som omfatter tidligere Stokke kommune) og del av Indre Vestfold lensmannsdistrikt (del som omfatter tidligere Andebu kommune), til Sandefjord politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestested og administrasjonssted: Sandefjord politistasjon.
- Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for Sandefjord¹ kommune.
- Sammenslåing av Grenland politistasjonsdistrikt og lensmannsdistriktene Bamble og Siljan, til Grenland politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestesteder: Grenland politistasjon og Bamble lensmannskontor.
- Ansvarsområdet for Namsfogden i Skien og Porsgrunn justeres tilsvarende til ansvarsområdet til Grenland politistasjonsdistrikt, og navnettes Namsfogden i Grenland.
- Administrasjonssted er lagt til Skien. Politistasjonsdistriktet dekker politimessige gjøremål for kommunene Skien, Porsgrunn, Bamble, og Siljan. De sivilrettslige gjøremålene for disse kommunene vil ivaretas av Namsfogden i Grenland.
- Sammenslåing av Kragerø politistasjonsdistrikt og Drangedal og Nissedal lensmannsdistrikter, til Vestmar politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestested: Kragerø politistasjon, Nissedal lensmannskontor og Drangedal lensmannskontor.
- Administrasjonssted er lagt til Kragerø. Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Kragerø, Nissedal og Drangedal.
- Sammenslåing av lensmannsdistriktene Kviteseid, Seljord, Vinje, Tokke, Fyresdal, og Midt-Telemark lensmannsdistrikt, til Midt- og Vest-Telemark lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Midt-Telemark lensmannskontor², Seljord lensmannskontor, Kviteseid lensmannskontor, og Vinje lensmannskontor.
- Administrasjonssted er lagt til Sauherad. Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Bø, Nome, Sauherad, Kviteseid, Seljord, Vinje, Tokke, og Fyresdal.
- Sammenslåing av Hjartdal lensmannsdistrikt og politistasjonsdistriktene Notodden og Rjukan, til Øst-Telemark politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestesteder: Notodden politistasjon og Rjukan politistasjon.
- Administrasjonssted er lagt til Notodden. Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Notodden, Hjartdal, og Tinn.
- Sammenslåing av Drammen politistasjonsdistrikt og lensmannsdistriktene Svelvik, Lier, Røyken og Hurum, Nedre Eiker, og Øvre Eiker, til Drammen politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjeneststeder: Drammen politistasjon, Lier lensmannskontor, Røyken og Hurum lensmannskontor, Nedre Eiker lensmannskontor, og Øvre Eiker lensmannskontor.
- Administrasjonssted er lagt til Drammen. Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Drammen, Svelvik, Lier, Røyken, Hurum, Nedre Eiker, og Øvre Eiker.
- Sammenslåing av Kongsberg politistasjonsdistrikt og lensmannsdistriktene Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal, til Kongsberg politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestesteder: Kongsberg politistasjon og Nore og Uvdal lensmannskontor.

¹ Fra 1. januar 2017: Stokke, Andebu og Samleford kommuner i Vestfold fylke slås sammen til Sandefjord kommune.

² Tidligere Bø- og Sauherad lensmannskontor.

Administrasjonsstedet er lagt til Kongsberg. Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Kongsberg, Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal.

- Sammenslåing av Hønefoss politistasjonsdistrikt og lensmannsdistriktene Jevnaker, Modum, Sigdal, Krødsherad, til Hønefoss politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestesteder: Hønefoss politistasjon, og Modum lensmannskontor.

Administrasjonsstedet er lagt til Hønefoss. Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Ringerike, Hole, Jevnaker, Modum, Sigdal, og Krødsherad.

- Sammenslåing av lensmannsdistriktene Gol og Hemsedal, Ål, Nes, Flå, Hol, til Hallingdal lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Midtre Hallingdal lensmannskontor, Nes og Flå lensmannskontor (på Nesbyen), og Hol lensmannskontor.

Administrasjonsstedet er lagt til Gol (Midtre Hallingdal lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Gol, Hemsedal, Ål, Nes, Flå, og Hol.

Klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur

Politidirektoratets avgjørelser kan påklages til Justis- og beredskapsdepartementet i medhold av forskrift 2016-06-22-815. Klagen må fremsettes innen åtte uker fra det tidspunkt kommunen mottok underrettelse om avgjørelsen. Klagen skal sendes til Politidirektoratet.

Frist for klage på beslutningene ovenfor er 10. mars 2017.

Klagen skal være skriftlig og begrunnet, og skal angi hvilke endringer i avgjørelsen som kommunen ønsker eller om kommunene ønsker avgjørelsen helt eller delvis opphevet på grunn av forhold ved saksbehandlingen.

Med hilsen


Odd Reidar Humlegård

Kommunene i Sør-Øst politidistrikt:

Horten
Holmestrand
Sande
Hof
Re
Tønsberg
Nøtterøy
Tjøme
Sandefjord
Lardal
Larvik
Skien
Porsgrunn
Bamble
Siljan
Kragerø
Drammedal
Bø (Telem)
Sauherad
Nome
Kviteseid
Seljord
Vinje
Tokke
Fyresdal
Nissedal
Notodden
Hjartdal
Tinn
Drammen
Svelvik
Lier
Røyken
Hurum
Nedre Eiker
Øvre Eiker
Kongsberg
Flesberg
Rollag
Nore og Uvdal
Ringerike
Hole
Jevnaker
Modum
Sigdal
Krødsherad
Gol
Hemsedal
Ål
Nes (Busk.)
Fiå
Hol



Deres referanse:

Vår referanse:

Sted, Dato

Tønsberg, 15.2.2017

TJENESTETILBUD TIL KOMMUNENE I SØR-ØST POLITIDISTRIKT

I politimesterens tilråding av 15.12.2016, fulgte et utkast til tjenestetilbud for kommunene som vil bli nøyere beskrevet i dette brevet.

13. januar 2017 kom Politidirektøren med sin beslutning om lokal organisering av politiet. Den støtter politimester Christine Fossens tilråding av 15.12.2016 med noen justeringer, jf. vedlegg 1.

Tjenestetilbudet skisserer hva innbyggerne (og kommunene) skal kunne forvente av politidistriktet og lokalt politi i fremtiden. Konkrete detaljer rundt tjenestetilbudet i den enkelte kommune vil bli utformet av lokalt politi i nær dialog med hver enkelt kommune.

Det bemerkes videre at Sør-Øst politidistrikt ikke vil være ferdig med omorganiseringen før våren 2018. Det tjenestetilbudet som skisseres her vil ikke være fullt på plass før i løpet av 2018.

Tjenestetilbudet

Publikum vil få mulighet til å levere anmeldelser ved alle politiets tjenestesteder i Sør-Øst politidistrikt. De vil også få støtte og bistand knyttet til søknader, sivil rettspleie og forvaltningsoppgaver, samt få veiledning om politiets tjenestetilbud, forebyggende arbeid og politiets gjøremål.

Publikumsmottak og åpningstider for det enkelte tjenestested vil bli avklart lokalt innen tjenesteenheten. Det vil være dager hvor åpningstidene strekker seg utover ordinær arbeidstid ved de største tjenesteenhetene.

Internt i politidistriktet jobber vi med å vurdere hvordan politiet i ny organisasjon skal fordele ressurser, samarbeide/samhandle mest mulig effektivt og med god tilgjengelighet mellom

Sør-Øst politidistrikt

Tønsberg
Post: Postboks 2073, 3103 TØNSBERG
Besøk: Baglergaten 2

Tlf: 33 34 44 00
Faks: 33 31 36 02
E-post: post.sor-ost@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

tjenestestedene og tjenesteenhetene. Vårt hovedfokus er hvordan vi best mulig kan gi alle våre innbyggere en tilfredsstillende polititjeneste innenfor de rammene vi har.

Forebyggende arbeid

Politiet vil i samarbeid med kommunene utarbeide en gjensidig forpliktende handlingsplan for det forebyggende arbeidet. Den gode samhandlingen mellom kommuner og lokalt politi i våre politiråd skal videreføres og utvikles.

Politikontakt

Politidistriktet vil utnevne en politikontakt for hver kommune i Sør-Øst politidistrikt. I kommuner som ikke har tjenestested, vil politikontakten ha et *kontaktpunkt* i den enkelte kommune, gjennomsnittlig en dag hver uke. Med kontaktpunkt menes tilstedeværelse gjennom direkte forebyggende arbeid, møter med kommunen eller andre lokale aktører, samt tilstedeværelse på arenaer etter behov fra kommunens innbyggere, og/eller etter behov skissert fra kommunens administrasjon og/eller forankret i politiråd.

Politikontaktens primæroppgave vil være å drive lokalt forebyggende arbeid, og å ha tett dialog med kommunen og øvrige samarbeidsparter. Politikontakten vil ha fullmakt til å følge opp beslutninger fattet i politiråd og være tjenesteenhetsleders kontaktledd opp mot kommunene.

Forpliktende samarbeid

Politirådene skal videreutvikles i alle kommuner og vil være en viktig arena for forpliktende samarbeid mellom politi og kommune.

Lederne av de ulike tjenesteenhetene og tjenestestedene i Sør-Øst politidistrikt vil komme på plass i løpet av våren 2018. De nye lederne vil etter tiltredelse ta kontakt med vedkommende kommune med tanke på å opprette et godt forpliktende samarbeid.

Politimester vil avholde årlige møter med kommunene innenfor de geografiske driftsenhetene.

Vakt og beredskapsordninger

Det vil bli utarbeidet vakt- og beredskapsordninger basert på analyser for når og hvor hendelser skjer. Sesongmessige endringer, kriminalitetsutfordringer og krav til responstid vil være grunnlag for fremtidig ressurssetting av de geografiske driftsenhetene og tjenesteenhetene. Der det kan være forsvarlig, vil beredskapsvakt kunne benyttes.

Politidistriktets responskrav fastsatt av Politidirektoratet skal holdes ved akutte hendelser som gjelder liv og helse, og/eller som kan gi store samfunnsmessige og økonomiske konsekvenser. Målet er at responstiden skal forbedres mot 2020.

De geografiske driftsenhetene vil tilby døgnkontinuerlig innsatspersonell av kategori 3 innenfor enheten.

Politidistriktets operasjonssentral vil besvare 95 % av alle 112 anrop innen 20 sekunder. Av innbyggerne i Sør-Øst politidistrikt vil 99 % ha maksimalt 45 minutters kjøretid til nærmeste tjenestested.

Klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur

Det tas forbehold om at tjenestetilbudet til kommunene er basert på beslutningen slik den foreligger i dag, eventuelle endringer som følge av klageprosess kan medføre endringer i tilbudet.

Med hilsen



Christine Fossen
Politimester i Sør-Øst

**Saksframlegg****Søknad frå Fyresdal Næringshage AS om utviklingsstøtte og tilskot til omstillingskommuneprogram**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	6/17	15.02.2017
Kommunestyret	6/17	02.03.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Kommunestyret.

Dokument i saka:

- Søknad frå Fyresdal næringshage AS om utviklingsstøtte for 2017, brev av 19. desember 2016.
- Søknad frå Fyresdal kommune om midlar til utviklinganalyse, mail datert 24. mai 2016.
- Notat frå Fyresdal næringshage AS, datert 18. januar 2017.

Bakgrunn for saka:

1. Fyresdal næringshage AS (FNH) har dei tre siste åra fått kr 3. mill. kr i utviklingsstøtte. FNH søker om utviding av dette prosjektet for 2017.
2. Nedlegging av IKM-Fyresdal og signal om avvikling av skogsleiren i Kleivgrend førte til ein dialog mellom Fyresdal kommune og Telemark fylkeskommune. Denne dialogen endte opp i att kommunen vart oppmoda om å søkje midlar til utarbeiding av ei utviklinganalyse. Utviklingsanalysa er å rekne som eit forprosjekt for å avklare strategien for eit vidare omstillingskommuneprosjekt som fylkeskommunen har søkt om for Fyresdal kommune. KR D har gjennom budsjettet gitt midlar til fylkeskommunen med grunnlag i fylkeskommunen sin søknad. Det er vidare fylkeskommunen som tildelar ein kommune omstillingsstatus og fordelar potten dei har fått over statsbudsjettet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 der det heiter; Gjennom handlekraft, fleksibilitet, og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Utviklingsstønad til FNH.

FNH har 19. desember i fjor søkt om utviklingsstøtte for 2017.

FNH har forankra søknaden i eige styre der ordføraren er styremedlem og det er gjennomført samtaler med Fyresdal kommune ved ordførar og Telemark fylkeskommune.

Det er halde eit møte mellom Fyresdal kommune ved ordførar og rådmann og Fyresdal Næringshage ved dagleg leiar og styreleiar 25. januar.

Rådmannen syner og til dei to strategisamlingane som er halde for å lage utviklingsanalyse for omstillingskommuneprogrammet, der den siste samlinga vart halde 19. januar og orientering om FNH halde i kommunestyret 26. januar.

Dersom FNH skal halde fram med ei løpande utvikling av Næringshagen må det stillast midlar til disposisjon med det aller første da oppsparte midlar er i ferd med å bli brukt opp.

Telemark fylkeskommune og Fyresdal kommune har dei tre siste åra løyvd 500.000 kr kvar seg og kvart år for utvikling av FNH, dvs. 3. mill. kr i sum.

Modellen med at Fyresdal kommune og Telemark fylkeskommune saman har gitt eit årleg tilskot på 1. mill. kr over tre år har ført til at FNH har kunne arbeidd med:

- Utvikling av næringshagen
- Utvikling av verksemder i næringshagen
- Utvikling av fagmiljø
- Rekruttering av nye verksemder
- Øvrig klyngestruktur

FNH skriv m.a. i sin søknad:

"FNH er i sterk utvikling frå fire til femten verksemder på tre år. Utviklinga har vore basert på prosjektbasert utviklingsstøtte frå Fyresdal kommune og Telemark fylkeskommune 2014-2016. FNH søker om eitt år med vidareføring av støtta frå Fyresdal kommune med ei ramme på 500.000 kr for 2017. Dette ut frå at utviklinga har vore sterk, men framleis er i startfasa og treng støtte. Vidare vil ein ha behov for å avvente ein meir permanent avklaring kring næringshagane i heile fylket i løpet av 2017"

Det er fyrst nå i 2017 vi verkeleg kan sette fullt fokus på utvikling og vekst i næringshagen.

Næringshagen kan ta ein viktig posisjon som fagsenter for bioøkonomi i regionen.

FNH bør vere aktive i prosessen for å avklare rammene for næringshagane i Telemark som går gjennom 2017. Det vil krevje ressursar til å gjennomføre ein del aktivitetar.

FNH bør og kan vere eit viktig verkty i arbeidet med omstilling i Fyresdal kommune. Det er derfor viktig at vi kan vidareføre aktiviteten og krafta i 2017.

Målet er at ein i løpet av 2017 finn ein meir permanent modell for drifta av næringshagen.

Proessen skjer i tett kontakt med ulike utviklingsaktørar som Telemark fylkeskommune, Siva, Innovasjon Norge, øvrige næringshagar og ikkje minst Fyresdal kommune.

FNH er driftsselskapet som har ansvar for utviklingsarbeidet i næringshagen. Det er dette selskapet som har ansvar for arbeid med bedriftsutvikling, rekruttering, forretningsutvikling, klyngeutvikling og marknadsføring. FNH har i løpet av 2016 utvikla ein strategi for utviklingsmiljøet der visjonen er å utvikle framtredande kompetansmiljø innan bioøkonomi for betre utnytting av ressursane og berekraftig vekst".

FNH skriv vidare:

"FNH legg opp til driftsbudsjett på om lag 1,3 mill. kr i 2017. Av dette går om lag 1 mill. kr til direkte tidsbruk gjennom innleige av dagleg leiar/utviklingsressursar. Det er inngått forlenging av avtale med Silva Consult AS om denne tenesta. Øvrige kostnader er knytt til marknadsføring, møtekostnader, div. driftskostnader (printer, videomøte etc.) For 2017 har ein tilgjengeleg om lag 150.000 kr i oppsparte midlar samt at ein har ei avtale med FN Eigedom AS til ein verdi av 150.000 kr for å drive byggadministrasjon og utleigeverksemde".

FNH skriv og at aktiviteten har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprosjektet som nå er i forprosjektfasa og at dei må finansiere 500.000 kr i tillegg til støtte frå Fyresdal kommune som det nå er søkt fylkeskommunen om.

Rådmannen er samd med FNH at det er stort potensiale i dialogen mellom å utvikle FNH og omstillingskommuneprosjektet. Det vil vere slik at verksemder i FNH på lik linje med andre verksemder i kommunen kan få midlar frå omstillingskommuneprogrammet. Det er ut frå dette at rådmannen rår til at det bør vere tett dialog mellom styret for omstillingskommuneprogrammet og styret for FNH.

Rådmannen har difor gjort ei felles saksførebuing for søknad om tilskot til FNH og til omstillingskommuneprogrammet. Rådmannen har vurdert om både tilskota kunne vore gitt til omstillingskommuneprogrammet og at eit omstillingsstyre kunne fordele satsinga inn i næringshagen og til verksemder utanfor, men kome til at det er to separate søknadar der omstillingsstyret og styret for FNH sjølve må vurdere kor langt dei vil gå i sitt samarbeid.

Med gjennomgåande representasjon av ordføraren både i styret for FNH og i styringsgruppa for omstillingskommuneprogrammet vil ein og sikre ei samla vurdering av korleis midlane skal brukast til beste for utvikling av bedrifter og etablering av nye bedrifter i Næringshagen og kommunen elles.

Styret i FNH må gjere ei vurdering om tilskotet som blir gitt ligg innanfor ramma av gruppeuntaka i EØS-avtala og innordne sitt arbeide deretter.

Rådmannen syner til FNH sin visjon og presentasjon der det heiter at FNH er eit kompetansesenter innan bioøkonomi. Det er viktig å understreke at fordi om FNH har eit fokus på bioøkonomi må alle verksemder uansett fagleg bakgrunn prioriterast og arbeidet med å få nye eller skape knottskyting i eksisterande verksemder må ta høgde for det. Fyresdal kommune har dei siste åra satsa offensivt på utvikling av sin næringshage og har lykkast med dette trass i at Siva som bidreg med betydelege midlar inn i Telemark næringshage i Kviteseid ikkje kom Fyresdal i møte på sin søknad. Næringshage-miljøa i Kviteseid og Fyresdal har god dialog og Næringshagen i Kviteseid vil nå tilby etablerarkontor i Fyresdal Næringshage to dagar i månaden og kome til Fyresdal utover dette ved behov. Det blir også samarbeid om felles kursing som t.d. Telemark on-line kafè. Det spesielle med næringshagane er at dei har sine ulike fagområde som kan gje gode synergieffektar i dialogen dei imellom og som ikkje gir for stor konkurranse med kvarandre.

Fyresdal kommune har gjennom tre år brukt mykje midlar for å utvikle FNH. Utover 1, 5 mill. kr som tilskot er det gitt midlar til etablering av "hytte-kontor", gratis kontor for nyetableringar, innkjøp av utstyr for videokonferansar, prosjekt for å skaffe ingeniørar til næringshagen og aksjekapital til etablering av FNH og FN Eigedom as.

At det nå blir søkt om midlar for å vidareføre delar eller heile satsinga til FNH er ikkje uventa da fleire kontor framleis er ledige. Ein er gjort kjent med at fylkesrådmannen har innstilt på å gje eit tilskot på kr 500.000 for 2017 til Fyresdal næringshage.

FNH har i 2017 leigd inn Silva Consult AS til å gjennomføre prosjektet og det er gjort avtale med dei om å halde fram med prosjektet og om dagleg leing av både FNH og FN Eigedom AS.

Midlar FNH får skal nyttast til å ha fokus på å skape nye arbeidsplassar eller yte hjelp til å utvikle nye arbeidsplassar i eksisterande verksemder i Næringshagen. Vidare skal FNH ha som mål å avklare framtidig satsing for ikkje å vere avhengig av årlege offentlege tilskot. Den viktigaste måten å sikre dette på er at alle kontora blir leigd ut, slik at det vil vere ressursar i FN Eigedom AS og verksemdene i Næringshagen til å drifte og utvikle sitt eige produkt.

Kommunalt tilskot til omstillingskommuneprogrammet.

Telemark fylkeskommune har søkt om 7. mill. kr til fordeling på tre omstillingskommuneprogram. Søknaden vart imøtekomen med 6. mill. kr. Det er kommunane Tinn, Fyresdal og Kragerø som er definert som omstillingskommunar der fylkeskommunen saman med Innovasjon Norge har stilt inntil 300.000 kr til eit forprosjekt i Fyresdal kommune for å avklare hovudprosjektet sitt innhald og organisering. Denne rapporten er venta medio februar som da vil danne grunnlag for å lage ein arbeidsstrategi og nedsetting av prosjektgruppe inntil prosjektstyret er på plass.

Kommunen er eigar av omstillingsprogrammet og er ansvarleg for dei tildelte omstillingsmidlane. I tillegg blir det tilrådd at kommunen sjølv løyver midlar og set av ressursar til omstillingsarbeidet.

Som eigar vedtar kommunen strategiar og mål for omstillingsarbeidet. Kommunen skal oppnemne i prosjektorganisasjon til strategifasen, som får i oppdrag å gjennomføre ein strategisk utviklingsanalyse og utarbeide forslag til omstillingsplan og handlingsplan for første gjennomføringsår. Omstillingsplan og handlingsplan skal handsamast av og vedtakast av kommunen. Deretter skal kommunen etablere en omstillingsorganisasjon og følgje opp omstillingsarbeidet gjennom heile perioden, søkje midlar for komande år og sikre at omstillingsarbeidet gjennomførast i tråd med omstillingsplan og handlingsplan. Det er kommunestyret som nemner opp eit omstillingsstyre.

Omstillingsorganisasjonen vil ha ansvar for gjennomføringa av omstillingsarbeidet. Leiaren skal utarbeide utkast til årlege handlingsplanar, samt sikre at desse forankrast skikkeleg. Vidare skal organisasjonen koordinere og følgje opp dei vedtekne planane og rapportere på måloppnåing. I årsrapporten skal det kvart år gjerast greie for korleis og i kva grad måla i handlingsplanen for det aktuelle året er oppnådd.

Det er ein viktig oppgåve for omstillingsorganisasjonen å engasjere og involvere næringslivet og andre relevante lokale aktørar i omstillingsarbeidet. Leiaren for omstillingsarbeidet bør vere synleg ute hos verksemdene og innbyggjarane i kommunen, og følgje opp enkeltprosjekta aktivt ved å engasjere seg og vere tilstade.

Styret for omstillingsarbeidet har ansvar for å oppnå resultat og for at omstillingsmidlane forvaltast i samsvar med omstillingsplanen. Det er leiaren av omstillingsarbeidet saman med styret som profilerer omstillingsarbeidet utad. Dei representerer også eigarane i strategiske diskusjonar. Samansetninga av styret er derfor svært viktig.

- Det bør vere minimum 5, maksimum 7 medlemar i styret for omstillingsarbeidet. Observatørar kjem i tillegg.
- Næringslivet skal vere representert i styret.
- Fylkeskommunen og Innovasjon Norge skal vere observatørar i styret for omstillingsarbeidet.
- Det skal vere minst 40% av bae kjønn i styret.

Leiaren for omstillingsarbeidet skal utarbeide nødvendige beslutningsgrunnlag til styret.

Dersom ordførarar ynskjer å delta i prosjektstyret er det mykje vanleg at han/ho vert valt som leiar.

Ordføraren har varsla at han vil delta i styringsgruppa for omstillingskommuneprogrammet. På denne måten er det solid politisk forankring både i styret for omstillingskommuneprogrammet og i prosjektet for utvikling av FNH.

Næringsorganisasjonen (FNO) utfordrast til å finne inntil tre personar for dei næringsdrivande i kommunen til å delta i styringsgruppa for omstillingskommuneprosjektet.

Den endelege samansetninga av styringsgruppa kjem ein tilbake til i kommunestyre når kommunestyret nemner opp eit omstillingsstyre.

Hovudfokus i styret sitt arbeid skal vere å utfordre aktørane til å ta ansvar, etterprøve strategiar og tiltak og bidra til at det blir trykk og retning i omstillingsprosessen.

Innovasjon Norges rolle vil på vegne av fylkeskommunen vere å kvalitetssikre bruken av offentlege midlar i omstillingsarbeidet.

Innovasjon Norge har lang erfaring som vegleiar, pådrivar og rådgjevar. Innovasjon Norge vil følgje opp organiseringa og gjennomføringa av omstillingsarbeidet.

For å sikre effektivitet i omstillingsarbeidet kan styret opprette eit arbeidsutval samansett av av leiaren for omstillingsarbeidet, styreleiar og nestleiar i styret. Arbeidsutvalet har fullmakte til å løyve mindre prosjektsøknader.

Kva sum som blir tildelt Fyresdal kommune frå Telemark fylkeskommune er ikkje endeleg avklart, men fylkesrådmannen har innstilt på 1.6 mill. kr i året for 3-6 år. Det vil etter 3 år bli gjennomført ei evaluering og om ikkje noko konkluderer annleis vil prosjektet bli vidareført i tre nye år.

Dette vil venteleg forplikte kommune til å gje eit tilskot på 25% av denne løyvinga, som da vil vere ei årleg løyving på 400.000 kr for prosjektperioden.

Byregionprosjekt ByR Vest-Telemark.

Eit tredje utviklingsprosjekt som er i gang er det regionale byregionprosjektet. Her er ulike underprosjekt der eit av prosjekta ser nærare på samarbeid mellom næringshagane i Vest-Telemark og framtidig driftsform/finansiering. Fyresdal og Kviteseid har sine næringshagar og dei andre kommunane arbeider med sine konsept. Prosjektet avsluttast i løpet av året.

Konklusjon:

- Fyresdal kommune løyver 500.000 kr frå næringsfondet for 2017 til FNH for å hjelpe til med

knoppskyting i eksisterende verksemdar og for å få til nyetableringar. Hovudmålet er at alle kontor i FNH skal vere fylt opp i løpet av året og at det blir lagt fram ein plan for korleis FN Eigedom AS og FNH deretter kan drifte og utvikle bygget i eigen regi. Det vil vere naturleg å sjå til det arbeidet Byregionprogrammet gjer i denne samanheng og om Telemark fylkeskommune saman med kommunane kjem fram til ein modell for årleg tilskot til dei respektive næringshagane i fylket.

- Når styret for omstillingskommuneprogrammet er på plass etablerast ein kontakt med styret i FNH for å drøfte samarbeidsform.
- Fyresdal kommune løyver for perioden 2017-19, 400.000 kr årleg frå næringsfondet til omstillingskommuneprogrammet som er 25% av fylkeskommunal løyving. Sum løyving for tre år 1.200.000 kr. Ved utviding av prosjektet til seks år må saka opp att i kommunestyret for finansiering av dei tre siste åra.
- Rest næringsfond 2017 er etter ei løyving til FNH på 500.000 kr og til omstillingskommuneprogrammet på 400.000 kr 988.000 kr.

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune støyr FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til FNH for 2017. Det er ein føresetnad at styret for omstillingskommuneprogrammet og styret for FNH samordnar seg.
- Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at FNH og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein. FNH utarbeider plan for korleis dette kan gjerast.
- Fyresdal kommune yter 400.000 kr som årleg tilskot frå næringsfondet til omstillingskommuneprogrammet for perioden 2017-2019.

Handsaming i Formannskap - 15.02.2017

Erik Skjervagen og Olav Gisle Noraberg vart samrøystes kjent ugilde i saka då dei er styrerepresentantar i Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS. Torleiv Hvistendahl og Ingunn Lauvrak deltok i handsaminga som vara.

Framlegg frå formannskapet:

Fyresdal kommune støyr FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til Fyresdal Næringshage AS for 2017.

Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein.

Samrøystes for framlegget frå formannskapet.

Vedtak i Formannskap - 15.02.2017

Fyresdal kommune støyr FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til Fyresdal Næringshage AS for 2017.

Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein.

